

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Ber om tilleggsinformasjon og varsel om kulturhistorisk synfaring - Landbruksveg - gnr. 185, bnr. 3 - Istad - Alver kommune

Vi viser til dykker brev av 18.11.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

### Forholdet til automatisk freda kulturminne - varsel om synfaring

Ut i frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne knytt til den planlagde trasèen, men det er registrert fleire gravminne og gamle ferdsselsvegar i nærområda. Etter ei vurdering av det aktuelle området, finn vi det naudsynt å gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring. Før vi kan gje fråsegn til søknaden må vi vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne.

Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter §§ 3 og 11 i kulturminnelova. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd. Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnegagleg fråsegn.

### Nyare tids kulturminne

Det omsøkte tiltaket ligg innafor kulturmiljøet Istadsgardane. Istad er eitt av dei få klyngjetuna som ligg att i Hordalandsbygdene. Tunet gjev eit inntrykk, slik som Havråtunet på Osterøy, av dei store fellestuna som prega Vestlandet fram til slutten av 1800-talet. Tunet har høg status som verneverdig kulturminne, og har nasjonale og regionale kulturminneverdiar, mellom anna med Den Trondhjemiske Postvei. Heile området har fine kulturlandskapstrekk. På innmarka og på grensa mellom innmark og utmark er det steinflorar og langstrakte, høge steingardar. Kulturlandskapet rundt tunet er ein veldig viktig del av det samla kulturmiljøet, og er av høg regional interesse.

I kommunedelplan Knarvik - Alversund med Alverstraumen 2019 - 2031, ligg Istadsgardane både i omsynssone for landbruk (H510) og i omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570). I kommunedelplanen sine føresegner og retningsliner står det under § 4.2.1 Omsyn kulturmiljø og kulturminne (H570) følgjande under punkt c), som gjeld omsynssona H570\_6 Istad:

*(...) I omsynssona skal kulturminna, kulturmiljøet og kulturlandskapet sikrast og takast vare på.*

*Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminneverdiene. Det skal ikkje etablerast tiltak som kan øydelegge eller redusere kulturminneverdiene, eller som kan redusere kunnskaps-, opplevings- og formidlingsverdien knytt til kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet og miljøet omkring. Søknadar om tiltak skal dokumentere at omsynet til kulturminneverdiene er teken i vare.*

*Saker som gjeld tiltak knytt til omsynssona skal leggjast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser.»*

**Behov for tilleggsinformasjon**

Vi kan ikke sjå at saka er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan handsame den. Vi ber om at kommunen sender meir informasjon om utforminga til tiltaket slik som teikningar og situasjonsplan som visar vegbreidde med eventuell fyllingsfot, skjeringar og vegdekke; omfanget av tiltaket vist på målsette snitt-teikningar og på målsett situasjonsplan; eventuelle terrengeinngrep vist på snitt-teikning(ar)og situasjonsplan. Vi ber vidare om at søknaden dokumenterer at omsynet til kulturminneverdiane er teken i vare, jf. dei ovanfor nemnte retningslinene. For ordens skuld vil vi presise at vi ber om at kommunen, ikkje søker, sender denne informasjonen til oss. Vi ber vi om at kommunen i oversendinga gir si førebelse vurdering, inklusive eit kulturminnefagleg fråsegn fra kommunen si kulturavdeling, og at kommunen i den førebelse vurderinga òg tek stilling til om tiltaket kan øydelegge eller redusere nokre av verdiane knytt til kulturmiljøet, kulturlandskapet og miljøet omkring, jf. retningslinene for omsynssona H570\_6.

**Utsett svarfrist**

Vi ber om at de skriftleg stadfester at Alver kommune gir fylkeskommunen utsett svarfrist, til 4 veker etter at de har sendt oss den informasjonen vi her etterspør. For ordens skuld gjeld ikkje denne fristen for behandlinga av saka etter kulturminnelovas §§ 3 og 11.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
Fagleiar

Helene Moe  
seniorrådgjevar

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*